

Bok på 1-2-3

Frosken om vinteren

Av Max Velthuijs

Tverrfagleg opplegg for 1.–4. klasse i faga norsk, kunst og handverk og musikk. For dei eldste elevane kan boka verke litt barnslig, men tematikken er like relevant. For dei passar det avanserte vennskapsbandet best.

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Kople opp PC med tilgang til internett og prosjektør.
- Søkje fram boka *Frosken om vinteren* på Nasjonalbiblioteket sine sider: https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013120608036
- Garn til tvinna eller fletta vennskapsband (enkelt): Fire garnnøste eller restegarn i ulike fargar, ull eller bomull. Elevane kan gjerne ta med restegarn om dei har slikt heime.
- Garn til vennskapsband med knyting (litt meir avansert): Tre til seks nøste er nok til ein klasse. Bruk gjerne rimeleg garn i staden for dyr broderitråd. Det viktigaste er at det er bomullsgarn, sidan ullgarn loar meir og slitnar lettare.
- Ei sikkerheitsnål per elev til å feste arbeidet på buksekneet medan eleven knyter.

Omtale av boka

Det er vinter, og frosken frys. Han har ikkje fjører eller pels slik som vennene anda og haren, men når han dett i snøen, er det vennene som tek seg av han gjennom dei lange vintermånadene. Etter kvart finn frosken ut at vinteren går an, særleg når han veit at våren ikkje er langt unna.



Formål

etter læreplanen frå 2020

Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse. I barne- og ungdomsåra er det å utvikle eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande.

Norsk etter 2. trinn

- Lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk.
- Uttrykke tekstopplevelser gjennom lek, sang, tegning, skriving og andre kreative aktiviteter.

Kunst og handverk etter 2. trinn

- Eksperimentere med form, farge, rytme og kontrast.

Musikk etter 2. trinn

- Utøve et repertoar av sangleker, sanger og danser hentet fra elevenes nære musikkultur og fra kulturarven.


1 Før lesing

(5 minutt)

Samtale om framsida på boka

- Kva er det egentleg vi ser på biletet?
 - Frosk i shorts og skjerf
 - Snø
 - Mørkt
 - Ansiktsuttrykket, korleis er det?
 - Korleis trur du frosken har det?
 - Kva brukar froskar i naturen egentleg å gjere om vinteren? (Dei går i dvale før vinteren)
 - I første klasse kan ein gjerne ta utgangspunkt i dei bokstavane elevane har lært eller kjenner att på framsida.
 - Kven har skrive og teikna boka?
-
- Bla fram til det første oppslaget. Kven er det vi ser her? (Ein hare, ein gris og ei and, i tillegg til nokre fuglar på himmelen.) Trur du at forteljinga har noko med desse dyra å gjere?

Lat oss lese boka og finne ut kva som hender.



2 Lesing

(20 minutt)

Les boka høgt for elevane medan de ser henne på storskjerm/smart-board. Les roleg og ikkje bla for raskt om til neste oppslag.

Samtale etter lesinga:

- Kvifor frys frosken? (han har verken fjører som anda, feittlaget til grisen eller pelsen til haren)
- Når han går frå haren, seier han at han er «molefonken». Kva tyder det?
- Kva ville skjedd med frosken ute i snøen viss ikkje vennene hans hadde funne han?
- Kva gjorde vennene til frosken for at han skulle få det betre?
- Sjå på ansiktet til frosken då han merka at noko var annleis, og vidare på neste side der han dansar rundt på den grønne marka. Korleis kan vi sjå at frosken er glad no? (Ansiktet, kroppsspråket, utan dei varme kledda)
- Vennene er lykkelege over å sjå frosken så glad. Blir du glad når vennene dine har det fint? Korleis har du det når vennene dine er lei seg?

3 Vennskapsband (40 minutt)

Venskapsband er armband laga av knytt tråd og blir gjerne gjevne som symbol på vennskap og fred. Skikken og handarbeidet stammar frå Latin-Amerika. Ifølgje tradisjonen skal ein ha på seg eit vennskapsband til det er blitt så utslite at det fell av.

Til læraren

I klassen kan ein godt lage ei utstilling med vennskapsarmbanda, gjerne festa med ei nål på svart bakgrunn.

Ein kan lage eit armband til seg sjølv eller til læringspartnaren. Eventuelt kan læraren på anna vis styre kven som skal lage armband til kven. Då unngår ein at nokre endar opp med mange band og andre ikkje får nokon.



Illustrasjonsfoto med løyve frå
nosteblogg.blogspot.com

Venskapsband med tvinning eller fletting (enkelt)

Vel to fargar ull- eller bomullstråd. Det er fint å gå saman to og to og velje ein farge kvar. Du treng ca. 1 m lange trådar.

Tvinn endane av trådane i kvar si retning til dei gjer motstand. Når du legg snora dobbelt vil ho tvinne seg igjen. Knyt ein knute i kvar ende.

Eit anna alternativ er å ha tre trådar i ulik farge og lage ei flette med knute i starten og slutten av arbeidet.

3 Vennskapsband (framhald)

Venskapsband med knyting



Først kan det vere lurt å øve seg på basisknuten.



1 Stram høyretråden. Legg venstretråden over og knyt han rundt den høyre tråden, som biletet viser.



2 Drag mot venstre og stram knuten.



3 Gjenta trinn 1 og 2. Du skal alltid knyte to knutar før du går vidare til neste tråd.




4 Stram forsiktig slik.

3 Vennskapsband (framhald)



Oppskrift på vennskapsband med knyting

1 Du treng bomullstråd i tre ulike fargar. Klipp dei 1,60 m lange og legg dei dobbelt. Knyt dei saman i den doble enden slik at du får ei lita løkke.




2 Fest løkka med ei sikkerheitsnål på buksa di. Del trådane parvis, og flett dei første 3–5 cm.



3 Knyt enden på fletta. Fordel tråden parvis. No er du klar til å byrje med den første knuten.




4 Du byrjar med tråden ytst til venstre. Legg han over tråd nr. 2, under og opp i løkka. (Sjå på oppskrifta for basisknuten om du lurer.)



5 Stram lett til.

3 Vennskapsband (framhald)



- 6 Hald fram med å knyte ein ny basisknute med same trådane. Deretter held du fram mot høgre og knyter to knutar rundt kvar av dei andre trådane slik at tråden du starta med til slutt endar opp heilt til høgre. Hugs: Alltid to knutar før du held fram på neste tråd.

Deretter held du fram på same måten: Tråden som ligg til venstre, skal knytast to gonger rundt tråd nr. 2, og vidare slik at han endar ytst til høgre. Kvar gong du har kome heilt til høgre med ein tråd, startar du på nytt med tråden til venstre.



- 7 Slik vil det sjå ut når du har kome eit stykke på veg.

Hald fram til bandet er passeleg langt. Knyt enden og flett nokre cm, slik som du gjorde i starten.

Oppskrift på basisknuten og på å knyte vennskapsband er henta frå sida til Skolens egen solidaritetsaksjon:
<https://www.heiverden.no/undervisningsmaterieill/peru/peru-nynorsk/lær-å-knyte-vennskapsband>

4 Songar om vinteren (25 minutt)



I Tunkattens songbok på nett finn du både innspela songar, gratis notar og syng-med-komp. Her er to songar som passar til *Frosken om vinteren*:

<https://www.tunkatten.no/songbok/aret-rundt/>

- «Vi vil ha snø» av Aggie Peterson og Therese Bakkevoll
- «Vintersong» av Per Olav Kaldestad og Gaute Øvereng

Når du skal lære inn nye songar, er det lurt å lytte til songen først. Dette kan de gjere medan de flettar vennskapsband. Syng kvar song to gonger i dette opplegget, og ta dei gjerne fram att seinare.

5 Tilleggsressursar Bøker, rim og regler



Bøker som passar særleg godt om vinteren

- *Torbjørn Isbjørn* av Titus Kodzoman og Anne Angelshaug
- *Arkimedes og snøballen* av Hans Sande og Stina Langlo Ørdal
- *Jakob og Neikob og det tomme rommet* av Kari Stai
- *Snøhumla Mille* av Janne Marit Øye og Anne Angelshaug

Rim og regler om dyr og fuglar

<https://nynorsksenteret.no/barneskule/musikk-rim-og-dikt/dyr-og-fuglar>